# Leirdalen barnehage

## 20 års jubileum




**Tusen takk for trygge og gode år her i barnehagen**

**HIPP HURRA**

# LEIRDALEN BARNEHAGE

Leirdalen Barnehage er en barnehage med vekt på Natur og Friluftsliv. Vi holder til i lyse flotte lokaler med natur og sjø like ved. Meland er en naturperle i Alver kommune. Vi tar imot barn i alderen 1- 6 år. Vi holder åpent hele sommeren. Men kan bli stengt ved få barn eller usikker påmelding.

Vi har dyktige kompetente ansatte med lang erfaring. All økonomi går til beste for barna, ansatte og driften.

Vi tenker stort om ditt barn og hjelper barnet med læring, trivsel, sosial kompetanse, skaffe venner, og få opplevelser og erfaringer som gjør det godt rustet til skolestart og livet generelt.

https://leirdalen.barnehage.no/
https://www.youtube.com/watch?v=sgRqiB8QQoM
INSTAGRAM  LEIRDALEN BARNEHAGE






Stine Sofie
Barnehagepakke
Trygge barn hele livet
«Kids do well if they can!»
Hvordan møter du barnet?
Vil ikke
Kan ikke
ENNÅ
Dømmende
Voksens holdning
Nysgjerrig
Gjør det med vilje
Trassig
Oppfattelsen av barnet
Manglende ferdigheter
For mye belastning
Han er lat og ønsker bare oppmerksomhet. Frekt!
Tanker om barnet
Hva hindrer barnet?
Hvordan kan jeg hjelpe?
Belønning og straff
Handling
Finne og fjerne hindringer
Frustrasjon
Skyld og skam
Hva sitter barnet igjen med?
Føler seg støttet og styrket
«Ser du barnet på en annerledes måte, ser du et annerledes barn.»
DR. STUART SHANKER
Vær nysgjerrig!
Undersøk hvorfor barnet har adferden det viser.
• Finn belastninger → Reduser belastninger
• Finn udekte behov → Imøtekom behovene
• Finn manglende ferdigheter → Lær dem ferdigheter



# LEIRDALEN BARNEHAGE RUNDAR 20 ÅR



Leirdalen barnehage opna første gong i august 2005. Den vart bygd av Trygge Barnehagar som seinare vart omdøypt til FUS barnehagane. To tilsvarande like barnehagar vart bygde i Meland kommune. Frekhaug fekk Maurtua barnehage og Rossland fekk Leirdalen barnehage. Begge barnehagane var eigde av foreldre, BA selskap med avgrensa ansvar som seinare vart til SA -Samvirkeføretak.

2014 vart Maurtua barnehage kjøpt opp av Læringsverkstedet og Leirdalen barnehage er derfor den einaste foreldreeigde barnehagen i Meland område. Ei ideell verksemd der foreldre bidreg med engasjement, medverknad, eigarskap, glede og dugnadsånd. I 2020 blei Meland kommune til Alver kommune.

I oktober 2007 starta eg jobben som dagleg leiar i Leirdalen barnehage. Eg hadde tjue års erfaring som styrer i ein av dei største private barnehageaktørane i Bergen kommune. Eg tok permisjon då eg ikkje heilt visste korleis ein barnehage med ein halv million kroner i minus ville bli.

For det var uklart kor stor negativ kapital det var sidan rekneskapsleverandøren TB ikkje leverte oversiktlege rekneskapsrapportar. Det vart ein «kald» overrasking og tøff start. Dåverande foreldrestyre ville kvitta seg med ansvaret. Det var lite pengar i sektoren og eg og styreleiar sprang ærend til kommunehuset i Meland og bad ordføraren om nåde. Eg tenkte det var best å returnera til tryggare arbeidsforhold og leverte oppseiing til Leirdalen barnehage.

Men etter ein prat med styreleiar og eit blikk på den flotte bygda, på barna og dei tilsette sa eg opp den andre jobben. Eg ville ta skikkeleg fatt i Leirdalen barnehage og jobba systematisk med utfordringane. Saman skulle me klara å få Leirdalen barnehage til å bli ein trygg og stabil barnehage som bygda kunne ha glede av i lang tid. Målet var sett og utvikling og vekst skjer aller best med gode menneske på lag. Ei avgjerd eg aldri har angra på.

Me starta med å profesjonalisera drifta i alle ledd. Sa opp dårlege avtalar, fekk betre oversikt over økonomien og utarbeidde ein pedagogisk profil der me kartla kompetansen til dei tilsette og det dei brente for. Leirdalens profil vart ein barnehage med vekt på Natur og Friluftsliv.

Barnehagen hadde båt og lavo i eit fantastisk landskap med sjø, fjell og skog slik at barna kunne få gode erfaringar og opplevingar saman. Dyrking av eigne grønsaker. Eple og plommetre i gåve frå foreldre. Barnehagen har dyktige pedagogar og pedagogiske medarbeidarar. Det er både kvinner og menn i staben som ei viktig spegling av samfunnet me lever i.  Den pedagogiske metoden vart MI - Dei mange intelligensar.

https://utforsksinnet.no/howard-gardner-teorien-om-mange-intelligenser/

Det kom søkjarar og me hadde fullt hus i fleire år. Me kunne bruka kompetansen og ressursane på barna, på pedagogikken, på kompetanseheving og resultat. Etter fem år hadde eigenkapitalen auka betrakteleg. Ein sunn økonomi er eit viktig styringsmål i arbeidet med Leirdalen barnehage. Ein føresetnad for å kunna vareta dei lovene og forpliktingar ein privat barnehage krev.

Styre som ville selja barnehagen og kvitta seg med ansvaret då det gjekk dårleg fekk ikkje støtte for forslaget på årsmøte. Den økonomiske situasjonen var snudd. Dåverande styre leigde inn ein advokat som konkluderte med at barnehagen var solid og foreldres bekymringar var derfor ikkje lenger til stades. Leirdalen barnehage vil forhåpentleg vera foreldreeigd i lang tid framover.

HMS - Helse, Miljø og Sikkerheit var ikkje eit nytt fenomen på den tida og var eit omfattande påkravd system. Likevel var det ikkje heilt på plass i Leirdalen barnehage og heller ikkje hos fleire andre barnehagar i regionen. I løpet av to års tid vart det utarbeidd ein HMS perm som under tilsyn vart oppmoda og omtalt positivt i ein nyheitsartikkel i PBL magasinet. Ti år seinare er slikt arbeid blitt digitalisert og forenkla. Den teknologiske utviklinga skjer fort og den digitale kompetansen har vorte ein del av det administrative arbeidet og det pedagogiske arbeidet i rammeplanen.

Det er velkjent at dei som jobbar i barnehagesektoren kan kjenna på at det alltid er meir som kan gjerast. Og gjerast endå betre. Det er alltid fleire mål å strekkja seg etter. Det er lett å kjenna på maktløyse i staden for

takksemd for det vi faktisk får til utor dei forholda vi har. Me jobbar med menneske som er i stadig endring og utvikling. Det er dynamisk. Å leia i medgang er lett, men det er motgang som driv utviklinga i verksemda framover. Å jobba med barn er ikkje berre eit viktig arbeid her og no, men eit arbeid som gir resultat langt inn i framtida. Det vi sår i dag haustar andre av i morgon.




Me blir aldri utlærd og må unngå å bli utbrent. Det er faktisk mogleg å bli omsorgstrøytt. Me må sørgja for ein sunn balanse og påfyll av det som gir meining og god energi. Foreldre som støttar, forstår, oppmuntrar og verdset er påfyll som vi er svært takksame for.

Leirdalen Barnehage er ein liten barnehage på ein liten stad motsett av sentrum. Me har eit mindre fagleg miljø enn større barnehagar. Me er sårbare på mange måtar, men det avgrensar oss ikkje. Leirdalen er ein del av eit stort fagmiljø i kommunen og PBL som me hentar kompetanse og utvikling frå. I tillegg har me kurs og nettbaserte løysingar der tilsette har gode høve til eigenutvikling.

Utskifting i arbeidslivet skjer og i ein barnehage der barnetalet varierer stort frå år til år skaper det ei uvisse. Likevel har me klart å rekruttera pedagogar sjølv om det er kamp om dei.

Leirdalen barnehage har tilsette med ICDP kompetanse, DUÅ sertifisering, spesialpedagogisk kompetanse, rettleiingskompetanse og i 2024-2026 er vi med i eit Læringsmiljøprosjekt saman med andre barnehagar og skular i Alver kommune.

Barnehagedrift er politikk. Det er lite føreseielegheit når det gjeld økonomi og endringar. Det er store visjonar, fagleg fokus, og arbeid for tariffane til tilsette, men ikkje sjølvsagt at det fører med seg ekstra midlar. Det hastar med å få på plass eit nytt barnehageforlik. Det er heilt nødvendig. Fordi over tusen private barnehagar får ikkje dekt dei reelle utgiftene til pensjon. Leirdalen barnehage er ein av dei. I 2024 var vi sterkt underkompenserte som resulterte i eit stort underskot. Det kan ikkje halda fram.

Rossland treng fleire tilflyttarar og fleire barn. Alver kommune kan visa til nedgang i barnetalet og ny veg er framleis ikkje på plass. Men der det er skule og barnehage vil folk bu. Rossland har ein viktig jobb å gjera i kampen for ei levande bygd. Og kampen for Leirdalen barnehage og Rossland skula er framtida til bygda.

Det har vore fantastisk utviklande og lærerikt å drifta og leia Leirdalen barnehage saman med så mange dyktige kollegaer, styre og engasjerte foreldre. Og me har ein barnehagefagleg kompetent Alver kommune. Størst av alt er sjølvsagt dei fantastiske og herlege barna me har hatt i tjue år. Og fleire skal det bli.

Det finst ikkje noko betre enn å bli kjend med så mange barn som trivst hos oss. Og me har alltid tid til varme klemmer til kvar og ein. Å kunna bidra til ein kvardag med glede, utvikling, minnerike opplevingar, trivsel, leik, læring, vennskap og tryggleik er det me tilsette er her for.

**Det er med kjærleik og stoltheit at me feirer Leirdalen barnehage sine 20 år**

*Gjennom alle desse åra vil eg retta stor takk til gode og dyktige kollegaer.*
*De er gull verdt og eg set uendeleg stor pris på kvar og ein av dykk.*
*Takk til styre for tillit og godt samarbeid. Heilt avgjerande.*
*Takk til samarbeidsutvalet og flotte foreldre.*
*Takk til (Meland) Alver kommune. Og Takk til bygda for at de er her*



GRATULERER MED JUBILEUMET 🙂

*Leirdalen Barnehage*

*Beste helsing no og i framtid*
*Beate Jacobsen*
*- dagleg leiar -*

# Mange fine helsingar frå barna og foreldra gjennom åra



Vi setter STOR pris på den flotte jobben ♡ dere gjør for oss ♡♡ Ønsker dere alle en fantastisk flott sommer.

Kjære Leirdalen Barnehage!

Tusen takk for to fine år hos dere. han har Storkost seg og utviklet seg kjempefint de siste årene!

Ønsker dere alt godt i videre år!

Kjære ALLE SAMMEN ♡

TUSEN HJERTELIG TAKK FOR ALT DERE HAR VÆRT FOR BARNA VÅRE GJENNOM ÅRENE HER I VERDENS BESTE BARNEHAGE ♡

BARNA VÅRE HAR HATT DET SÅ TRYGT OG GODT I BARNEHAGEN TAKKET VÆRE DERE ♡

TAKK! TAKK! TAKK! FOR OSS!
KLEMMER

DERE ER TOLMODIGE!
DERE ER UNIKE!
VERDIFULLE!
OMSORGSFULLE!
DERE ER DYKTIGE!
SNILLE!
GODE!

Takk for en fin tid i bhg! Takk for tålmodighet, latter og glede ♥ Takk for alt dere har lært bort, og for at dere alltid har vært til stede ♥

Varme klemmer fra førskolebarna m/ foreldre ♥

Det blir rart å ikkje besøke dere i barnehagen lenger. Eg har jo kjent dere i nå å! Og det er ganske lenge! Eg kjem til å savne dere mykje. For dere har betydd mykje for meg.

DERE GJØR BARNEHAGEN TIL ET FANTASTISK STED Å VÆRE – DET ER VI TAKKNEMLIG FOR OG SETTER STOR PRIS PÅ ♥

GOD SOMMER!



Tusen takk for tida
sammen her i barnehagen
Ein god bhg som gjer
dagane trygge og gode
for både barn og foreldre
Godt sommer ☺
klem

Elisabeth ♡
Tusen takk for tida
sammen i barnehagen.
Førskuleåret har vært
heilt supert sammen
med deg. Du har gjort
barnehagedagen trygg og
god.

Lisbeth ♡
Tusen takk for tida
sammen i barnehagen.
Førskule året har vært
heilt supert sammen
med deg. Du har gjort
bhg dagen trygg og god.

Til alle på Lillebjørn ♡

Åh! Eg har kost meg sånn
her på Lillebjørn! Helt
fra min første dag da eg
ble tatt så godt i mot ♡
Eg har gledet meg til å komme
på Lillebjørn hver eneste uke.
Dere har lært meg masse,
trøstet meg, støttet meg,
veiledet meg, satt gode grenser,
lagt trygge rammer, gitt mye
omsorg og kjærlighet – akkurat
det en liten kropp og sjel trenger ♡
Takk for at dere har sett meg ♡

Det er godt mulig eg kommer
innom Lillebjørn for å få en
klem innimellom ♡

Kjære alle på
Lillebjørn.
Tusen takk for at
dere har tatt så
godt vare på i
år. Vi er så fornøyd
med den fantastiske
jobben dere gjør.
Ønsker dere god sommar
klem

3. juli 2013

Kjære alle
i Lillebjørn barnehage

Tusen takk for gode minner!

Dere har lært meg masse og
vært veldig flinke

Dere er alle veldig snille!

Det har vært gøy å spille
fotball i ballbingen og på
den store banen.

Det var veldig gøy å gå på
stranden til [illegible] å bade

Gøy å kjøre båt med alle

Eg har fått mange gode
venner!

Eg kommer til å savne alle de
voksne og de eg har gått i
barnehagen sammen med!

Tusen takk for flotte år i
Lillebjørn barnehage!

TUSEN TAKK FOR TRYGGE OG GODE
ÅR HER I BARNEHAGEN.
GODE MINNER FRA TURER,
OPPLEVELSER OG LEK I
BARNEHAGEN BLIR TATT MED VIDERE

Til de fine, gode voksne som har passet på oss i så mange år.

Tusen takk for alle stunder med latter, kunnskap, omsorg, kjærlighet, trygghet og mye mer.

Vi har storkost oss i Leirdalen BHG. ♡
Stor klem

Mamma og pappa sier også tusen takk for at dere har sett barna våre. ♡
Takk for nå ☺

TUSEN TAKK FOR 5 GØYE ÅR.
EG KJEM TIL Å SAVNE DERE
KLEM




**Kjære alle i Leirdalen barnehage:)**

En liten oppmerksomhet fra oss til dere, som takk for alt dere gjør:) Våre barn er heldig som får tilbringe hverdagen sammen med dere. Dere smiler, ser, lytter, observerer, leker, tilrettelegger, har et varmt blikk, utfordrer, setter grenser, stiller spørsmål, lærer, trøster, klemmer, ler, skaper, strekker dere så langt dere kan - og enda litt lenger for våre små. Takk for alt det kjekke dere lar barna våre oppleve. Vi setter uendelig stor pris på den gode jobben dere gjør! Vi ønsker dere en fin juleferie når den tid kommer, og håper dere får senket skuldrene, ladet batteriene og koser dere sammen med familie og venner:) Med ønske om en fredfull, fin og magisk juletid:) Varme klemmer

Til alle ansatte i
LEIRDALEN BARNEHAGE

Tusen takk for de fine årene vi har hatt i Barnehagen.
Det har vært trygt for oss å vite at vi har vært i så gode hender.
Stor klem

Kjære gjengen på Lillebjørn

Tusen takk for en fantastisk tid her på Lillebjørn.
Dere ser, lytter og omsorg... og dere gjør en utrolig god jobb hver eneste dag. Alltid et trygt fang og en god ... og holde i.
Sommerhilsen fra

**TUSEN TAKK FOR MEG, VERDENS BESTE LEIRDALEN BARNEHAGE**

| | |
|---|---|
| *Puslespillbit;* | *Fordi dere har vært en så viktig del av livet mitt* |
| *Sikkerhetsnål;* | *Fordi dere alltid har gitt meg trygghet* |
| *Strikk;* | *Fordi dere alltid har strukket dere langt for meg* |
| *Knapp;* | *For alle gangene dere har kledd på og skiftet på meg* |
| *Plaster;* | *For alle gangene dere har trøstet meg & blåst på sårene mine* |
| *Tålmodighetspiller;* | *For alle gangene dere må telle til ti* |
| *Tepose;* | *Fordi dere fortjener en pause for deres fantastiske innsats* |
| *Hjerte;* | *Fordi jeg har blitt så glad i dere alle sammen* |



Kjære Leirdalen barnehage.
Tusen takk for ni gode og trygge år hos dere.
Vi er så takknemlig for den jobben dere gjør for barna våre

Kjære alle tilsatte i Leirdalen Barnehage!

Tusen takk for 4 gode og trygge år for guttane våre!
De gjer ein fantastisk jobb.
God sommar.
Klem

Til Lillebjørn og alle andre ansatte i Leirdalen bhg ♡

Takk for at dere har gjort mitt første år i bhg til et flott år! Eg storkoser meg her!
Ønsker dere alle en velfortjent god ferie, så sees vi etter sommeren!

**Fin reportasje i avisa Nordhordland i juni 2010.**

**Barnehagen kosa seg på båttur :)**



20

Onsdag 30. juni 2010

KULE KRÅKEBOLLAR: Tristan Baug Engedal synest kråkebollar er kule skapningar.

# Krabbe krølle og kule kråkebollar

ROMFARAR? Spennande å sjå dykkarane i full mundur. "Er du romfarar?" undra ein av karane.

IO: Tristan Baug Engedal og dei andre i Leirdalen barnehage fekk eksperthjelp for å sjå kvar som rører seg på havets botn.

Atle Vaage
atle@nordhordland.no

"Er du romfarar!?" Ein av dei pittesmå i oransje redningsvestane ser med store augo på Bjørn Erik Birkeland.

Saman med kollega Henning Andersen har han dradd på seg alt det tunge dykkarutstyret. No vaggar dei mot båten som Leirdalen barnehage eig, ikkje rart nokon kvar av dei små undrast kva dette er for noko.

## Ut for å trekka garn

Stor er jubelen når dei to tippar seg baklengs over kanten og plaskar ned i sjøen med Donald Duck føtene til vers. Minst like godt mottatt vert det når Atle Søreide vel ut ein gjeng som skal få vera med ut og trekka garn medan dykkarane saumfarar botnen utanfor kaia på Io.

Garn nummer ein gir laber fangst, men i garn nummer to dukkar det opp ein fyr som er fin i skjegget.

- Kva heitte den fisken med skjegg, då, undrar tilsett Lisbeth Ådlandsvik. Ho passar på å snika inn namn og uttrykk som dei små får læra seg.

"Torsk," kjem det raskt frå ein liten kar, medan eit par av dei andre like godt tek til å syngja songen om Kaptein Sabeltann. Så er det dei vaksne sin tur til å jubla over ein flott krabbe.

- Den første i år, no er krabben her, konstaterer Atle Søreide før han må over til å rista ein diger brennmanet av garnet. På svaberget like innanfor kjem ei andemor vaggande med åtte-ni smånøste i tog bak. Ein etter ein plumpar dei små uti, til applaus frå dei små i båten.

## Full fart

Inn mot kaia igjen går det unna, no er det tid for å sjå kva dykkarane har funne.

"Kjør fort Atle, kjør fort!" Frydefulle hyl blandar seg med brølet frå motoren, medan ei lett betenkt tulle snik handa inn i handa til avismannen som ho aldri har sett før. Men redselen vert fort gløymt når dykkarane dukkar opp i fjæresteinane. Skal tru kva som er i fangstnetta dei ber med seg.

"Oii! Sjå!"

Kråkebollar og sjøstjerner er kule skapningar. Krabbekrølle litt skummel, og fiskane berre blanke og fine. Ei og anna tomflaske hamnar og i stampen. Alle får sjå på og ta på alt dei vil, seinare skal fangsten heim til barnehagen for å bli tørka og stilt ut.

## Satsar mykje ute

55 barn går i barnehagen i Leirdalen. Dagleg leiar Beate Jacobsen fortel at barnehagen satsar mykje på friluftsliv og utandørsaktivitet.

- Heile området her ute innbyr til gode aktivitetar. Vi har eigen båt og er ein del ute og fiskar. Barnehagen har og sin eigen lavvo i skogen. Der har vi og eigen omn slik at vi kan laga mat, fortel ho. Dykkarbesøk er det andre året på rad at dei har.

- Ein av fedrene er dykkar, og han og ein kollega stiller på dugnad. Flott gjort, for ungane vert dette ein dag dei hugsar lenge, seier Beate.

**Sjå eigen reportasje på TV Nordhordland sine nettsider.**

21

FANGST: Lisbeth Ådlandsvik dreg opp garnet medan barna føl spent med.

KAMSKJEL: Lea Røssevold, Melissa Kallekleiv og Karoline Wallem studerer kamskjela.

MYKJE NYTT OG RART: Alle som ville fekk prøva munnstykket dykkarane brukar.

FIN FANGST: Arin Baug Engedal viser fram den største fisken dei fekk i garnet.

RETT I MAGEN: Dykkarane Bjørn Erik Birkeland og Henning Andersen viste at det går an å ta mat rett frå sjøen og putta i magen. Ikkje så mange av barna våga smaka

LIKAR SEG PÅ SJØEN: Sunniva Dale Iden likar seg når ho får koma ut i båt. Til venstre Lisbeth Ådlandsvik. Til høgre med ryggen til Atle Søreide.

## Hilsen fra styreleder

På vegne av det sittende styret i jubileumsåret, vil jeg gratulere alle barn, foreldre og ansatte med Leirdalen Barnehage sitt 20-årsjubileum.

Tenk at vi har hatt denne barnehagen i 20 år! Jeg har selv ikke hatt gleden av å gå i Leirdalen Barnehage, men har ved flere anledninger hentet min søster i barnehagens tidlige år. Når barnehagen til neste år fyller 21 år, blir nummer to og tre av mine barn ferdig med barnehage og skal begynne på skole – og barnehagen er et tilbakelagt kapittel for vår del. Men minnene henger igjen, og det fundamentet barnehagen og dens ansatte har bidratt med for våre tre, er jeg sikker på vil ha stor betydning for deres videre utvikling på skole og i livet. Trygge rammer betyr så mye når barna er små, og Leirdalen Barnehage har vært suverene på å skape det gode lærings- og lekemiljøet for barna.

Tusen takk for alt Leirdalen barnehage har betydd for oss – og for alt den vil bety for mange i fremtiden. Til lykke med 20-årsjubileumet og måtte det bli mange flere!

*Steffen F. Berland, styreleder*










Takk for at dere har tatt så godt vare på meg ,sånn at eg har følt meg trygg når mamma og pappa har vært på jobb

## Til Leirdalen barnehage i anledning 20-års jubileum

På vegne av foreldregruppen ønsker jeg å rette en takk til alle ansatte i barnehagen. Dere har uten tvil en av verdens viktigste jobber, og vi er så takknemlig for at akkurat dere er i barnehagen vår. Takk for at dere tar så godt vare på barna våre - dere er virkelig en gjeng med hverdagshelter.

Leirdalen barnehage er et trygt og godt sted for barna å være. Et sted hvor de kan vokse, lære, leke og knytte vennskap. En plass hvor barna føler seg sett, inkludert og ivaretatt. Ett fang å sitte på, en hånd å holde i, og armer som både løfter og trøster. I barnehagen får barna oppleve naturen på nært hold – turer til lavvoen og båttur til Herdla. Egen kjøkken-hage og grillhytte like ved. De får muligheten til å leke sammen med gode venner og utvikle seg i sitt eget tempo og på egne premisser. Barnehagen vår er et fint sted å være.

Og kanskje viktigst av alt er ordene som kommer fra barnemunn;
“Være snill og god med vennene i barnehagen”
“Liker å leke, drikke og kose meg med mat”
“Snill barnehage”
“Liker å leke med de voksne i barnehagen”
“Jeg liker å være i barnehagen fordi det er gøy - liker å være på klatrestativet og på dissen”
”Liker å telle – 1, 2, 3, 4, 5”
“De voksne i barnehagen er snille og gøye”

Vi er glad og takknemlig for Leirdalen barnehage!

*Hilsen foreldregruppen*
*- SU-leder, Elin Bratshaug*





# Fine tegninger fra barna












> **Det gøyeste var da vi var ute i båt til en annen øy. Da grillet vi og såg på ting fra gamledager. Vi såg Hurtigruten også, og då vinket vi til de, og de vinket tilbake. Gøy!**









Tusen takk for gøye år. Eg kjem til å savne dere

Det er kjekt når vi får gå på fotballbana og i båt. Kjekt å leike med vennene mine og dei voksne er snille.












HURTIGRUTEN
NORDLYS
Takk for
at dere har
sett meg!